



- eit fyrtårn i vest

Dette skjedde 1. halvår 2026



Her kan du lesa om litt av det som har skjedd i Øygarden kommune det første halvåret 2026.

Tekst og redigering: Vignleik Brekke

Foto: Sotra Link, Dorthe Austevoll Film Studio, CCB, Cecilie Ilebekk, Magne Turøy, Øygarden kulturskule og Vignleik Brekke.

WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Januar

Tek strategiske grep for å sikra ny godshamn og byutvikling

Bergen og Øygarden kommunar har vurdert ei ny løysing på den mangeårige godshavnutfordringa som inneber å flytta godshamna til Ågotnes. Leiinga i dei to kommunane vart tidleg i januar samde om at det vert lagt opp til eit felles saksgrunnlag som bystyret i Bergen og kommunestyret i Øygarden får til behandling i løpet av våren 2026. Biletet viser ordførar i Øygarden, Tom Georg Indrevik (til venstre) og byråid for finans i Bergen, Eirik Tenfjord.



- Utfordrande med forseinking



I midten av januar vart det klart at det nye sotrasambandet vert tidlegast opna fjerde kvartal 2027. Det opplyste Statens vegvesen.

- Det er utfordrande for alle som dagleg står i kø og har stått i kø at opninga vert forseinka, seier ordførar Tom Georg Indrevik. I følgje Sotra Link Construction er den nye datoen avhengig av akselerasjonstiltaka og at det ikkje oppstår fleire utfordringar.

Stolt og letta over ny gjenbruksstasjon

Den 19. januar kunne ordførar Tom Georg Indrevik klippe snora for å markera at den nye gjenbruksstasjonen på Straume er offisielt opna. Det gjekk ikkje mange minutt før det var kø ved inngangen. Denne dagen var det også offisiell opning av Ombruksbutikken driven av Trigger AS. - Dette har vore ein god dag, seier ein stolt og letta administrerande direktør i ØyVAR AS, Bjarne Ulvestad. På biletet er også ordførar Tom Georg Indrevik og dagleg leiar i Trigger, Hege Elvestad.



- Vi er klare



- Vi ser fram til og er klare for å leia ungdomsrådet. Det seier Alva Betine Kilvik (til høgre på biletet) som vart vald som leiar og Rebekka Kvaal som vart vald til nestleiar av ungdomsrådet på møtet tysdag ettermiddag. Dei to leiarane meiner at elevrådet er eit viktig kontaktpunkt på skulane. Der kan ungdomsrådet få gje informasjon om prosjektet «Møteplass for ungdom» og generelt om arbeidet til ungdomsrådet.

Signerte kontrakt for nytt administrasjonsbygg

30. januar signerte Øygarden kommune kjøpekontrakt med Solsio AS for nytt administrasjonsbygg sentralt på Straume. - Med dette legg vi til rette for ei framtidsretta driftsform for ein utviklingsorientert kommune, seier kommunedirektør Johnny Breivik. Innflytting er venteleg unnagjort i løpet av 1. kvartal 2027. Bilete frå venstre; Bjarne Haldorsen (Liegruppen), Johnny Breivik og Kåre Bjorøy (Kåre Bjorøy Holding AS).



Februar

Nye lokale for Basecamp arbeidspraksis



Fredag 6. februar klippte ordførar Tom Georg Indrevik snora som markerte at Basecamp arbeidspraksis har fått nye lokale.

- Basecamp er ein viktig møteplass både for denne delen av arbeidet og basen som framleis er på senteret, sa ordføraren. Basecamp arbeidspraksis er samansett av sykkelsal/verkstad, repro og matbank og er no lokalisert i andre etasje i Jula-bygget i Straumsfjellvegen 1. Til høgre på biletet; dagleg leiar Martin Ingvaldsen.

Vil ha mellombels fortau på Gamle Straumsundet bru

Kommunestyret vedtok 11. februar å gje løyve til å setja opp eit utanpåhengande fortau på Gamle Straumsundet bru fram til Sotra Link er ferdig med prosjektet for nytt sotrasamband. Brua kan stengjast i ein avgrensa periode i skuleferien. Elles vart det vedteke å løyva ein million kroner til nytt kunstgrasdekke i fotballhallen til Sotra Sportsklubb.

- Kontordagane var vellukka

I februar var det invitert til kontordag på innbyggartorga og biblioteka i Skogsskiftet, Straume og Rong og eigen kontordag særleg retta mot næringslivet for innspel til arealdelen til kommuneplanen.

- Tilbakemeldingane frå dei som møtte opp, var svært positive, sa Beate Bjelland (nestleiar i kommuneplanutvalet). På biletet er også Svein Otto Jacobsen (leiar i kommuneplanutvalet) og Børge Haugetun (leiar i plan- og miljøutvalet). Totalt kom det inn 1730 innspel til arealdelen til kommuneplanen.



Frå 37,5 millionar i minus til 64,1 millionar i pluss

Rekneskapan for Øygarden kommune i 2025 viste eit positivt netto driftsresultat på 64,1 millionar kroner. Dette er det beste resultatet sidan den nye kommunen vart etablert i 2020.

- Resultatet gjer at vi står sterkare rusta for framtida og dei omstillingane som må gjerast som følgje av endringane i befolkningsstrukturen, sa kommunedirektør Johnny Breivik (biletet).

Glad for at første robustbustad er på plass

I februar fekk den politiske leiinga sjå nærare på den første monterte robustbustaden i Øygarden.

- Bustaden har ein god kvalitet og ein standard som mange andre husvære i kommunen, sa ordførar Tom Georg Indrevik.



Her kunne folk oppleve historia til Kunstkvalen



I 2017 vart verda skaka då bileta av gåsenebbkvalen full av plast vart spreidd rundt i heile verda. Frå slutten av februar til over påske kunne folk sjå utstilling med måleri og skulpturar av plastkvalen på rådhuset og seinare på innbyggartorget og biblioteket. Kunstkvalen skal «reisa» vidare til alle dei 42 andre kommunane i Vestland før ringen vert slutta med utstilling her i Øygarden.

Mars

Det er kult å vera snill



Elevrådsmedlemer, rektorar og kontaktlærar for skulane på mellomtrinnet var samla til «Snill e kult» i ODEON Kino Sotra 5. mars. - Dette er veldig bra. Det hjelper til at elevar vert inkluderte, sa Manha Rashid (7.kl.) som er leiar i elevrådet på Hjelteryggen skule. Det er Rolf Øvretveit som har teke initiativ til prosjektet.

Reiselivet vil samarbeida endå meir

- Skal vi lukkast med vekst i reiselivet, er det avgjerande at vi samarbeider til glede for alle, sa ordførar Tom Georg Indrevik då han ønskte velkomen til reiselivstreff på Thon Hotel Straume 11. mars. Frå venstre; ordførar Tom Georg Indrevik, direktør i Visit Bergen Anders Nyland, nærings sjef i Øygarden kommune Marianne Furheim, dagleg leiar i Vest Næringsråd Kari-Anne Landro og kommunikasjonsansvarleg i Vest Næringsråd Anders Ekanger.



Prisdrøys på Energimessa

Klokka 18 den 19. mars vart dei beste standane på Energimessa kåra. Prisane gjekk til Ågotnes skule, Spildepollen skule og helse- og oppvekstfaget på Sotra vidaregåande skule. Bileta viser elevar frå Ulveset skule (til venstre) og Ågotnes skule som hadde beste stand.



Hylla kulturen og idretten



Ei rekkje prisar vart utdelte på kultur- og idrettsgallaen 20. mars. - Det var rørende. Det er rart at eg som jobbar med å sjå andre no skal bli sett sjølv, seier André Clausen (biletet) som fekk folkehelseprisen. Dei andre som fekk pris denne kvelden var Vigdis Taranger, Åshild Eriksen, Oda Erstad, Siv Øye Karlsen og Cathrine Fredriksen Veirud. På biletet er også kultursjef Marian Guddal Hansen og leiar i levekårsutvalet, Ernst Einarsen.

Byggjer skule til 150 elevar

Kommunestyret vedtok 26. mars at den nye skulen i Skålvika skal byggjast for 150 elevar med tilhøyrande spesialrom. Det skal startast reguleringsarbeid med sikte på å utvida skulen til 450 elevar. Ved utlysing av konkurranse skal bygging av fleirbrukshall inngå som opsjon, slik at han raskt kan løysast ut når reguleringsplanen er godkjend.

- Det er ikkje så bra med snop

Barna i Norlandia Svanevågen gårds- og friluftsbarnehage sit rundt bordet og snakkar om dagane i barnehagen. - Vi får servert skiver og osteporn. Snop er ikkje bra, seier Magnus. Den 24. mars besøkte ordførar Tom Georg Indrevik og leiar i levekårsutvalet Ernst Einarsen barnehagen og hadde med kake for å ha ei lita markering av at barnehagen gjorde det godt i foreldreundersøkinga.



April

Skipsdåp for framtida



Litt før klokka 12 den 8. april slo sjampanjeflaska mot båtsida på CO2-tankaren Northern Phoenix som låg på plass ved Festningskaaien ved Bradbenken. Dette er det tredje skipet i Northern Lights-flåten. Skipet skal frakta CO2 frå Yara i Nederland til mottaksanlegget i Øygarden før det går i røyr ut i Nordsjøen og lagra permanent. Frå venstre; fylkesvaraordførar Stian Jean Opedal Davies, ordførar i Øygarden Tom Georg Indrevik, kaptein Andreas Slettengren, administrerande direktør i Northern Lights Tim Heijn og direktør i Northern Lights Bjørn Jordal.

- Dette skal vi klara

Den 16. april vart Elna Nybakk vald som ny leiar i eldrerådet etter Egil Haaland. - Vi skal følgja opp det gode arbeidet eldrerådet allereie er i gang med, seier den nye leiaren. Berit Anita Knudtsen Larsen held fram som nestleiar i rådet. Elna Nybakk (biletet) seier at det ikkje er lett å «hoppa etter Haaland», men trur at dette skal ho få til i godt samarbeid med resten av rådet.



Nasjonal lesepris

Læringsverkstedet Valen barnehage fekk under Lesekonferansen som Lesesenteret ved Universitet i Stavanger den 17. april tildelt Nasjonal lesepris 2026 for grundig og målretta arbeid med høgtlesing, litteratur og godt samarbeid med føresette.

- Eg opplever meg velkomen i Øygarden



Grete Hansson var ein av vel 30 personane som møtte opp på velkomstsamlinga for nyinnflyttarar til Øygarden den 18. april. - Øygarden var førstevealet mitt då eg skulle flytta frå Askøy, seier Grete etter å ha fått med seg velkomstsamlinga på innbyggartorget og biblioteket på Straume. Same dag kunne gjestene verta kjende med lag- og organisasjonar som hadde standar på frivilligdagen.

Verdig og stille markering av helikopterulukka

Rundt 200 personar deltok på minnemarkeringa den 29. april etter den tragiske helikopterulukka ved Turøyna i 2016 der 13 personar omkom. - I dag heidrar vi først og fremst dei vi mista, menneske med namn, ansikt, draumar og håp, sa ordførar Tom Georg Indrevik. - Våre tankar går til dei næraste, som lever vidare med tapet kvar einaste dag, sa Marit Berling i Equinor. I 2016 var ho direktør for Gullfaks.



Møtte statsministeren på minnestaden etter 22. juli



Den 28. april fekk Malene Wåge Hansen frå 9F på Fjell ungdomsskule delta på ein samskapingsprosess av eit minnesmerke framfor Høgblokka i Regjeringskvartalet. Ho, og fem andre deltakarar frå andre skular i Noreg, fekk leggja mosaikk i dette kunstverket saman med statsminister Jonas Gahr Støre og digitaliserings- og forvaltningsminister Karianne Tung.

Mai

Vil stimulera til raskare omstilling



Allereie den første dagen (5. mai) tok tusenvis turen til HavExpo 2026 på Straume i Øygarden. Fiskeri- og havminister Marianne Sivertsen Næss snakka om utvikling av både havbruk og fiskeri, men at omstilling er nødvendig.

Frå venstre; fiskeri- og havminister Marianne Sivertsen Næss, fylkesordfører Jon Askeland og ordfører Tom Georg Indrevik.

Eivind Helland fekk kulturpris

I ein pause i kommunestyret den 7. mai fekk Eivind Helland overrekt kulturprisen for 2025. Helland har vore ein sentral pådrivar for musikk- og kulturlivet i lokalt, sidan 1979 og fram til no. På biletet er også ordfører Tom Georg Indrevik og kultursjef Marian Guddal Hansen.



8. mai-markeringar: - Stod opp mot urett



- Telavåg er ikkje berre ein stad på kartet. Det er eit symbol på mot, offer og kva fridom faktisk kan kosta. Det sa ordfører Tom Georg Indrevik på 8. mai-markeringa ved minnestøtta i Telavåg. Dagen vart markert sju stader i kommunen. Frå venstre; leiar på Nordsjøfartmuseet Jenny Heggvik, ordfører Tom Georg Indrevik og elevane Annabella Abedissen Hammersland og Ingrid Landro Midtveit.

Første spadetak for ny ungdomsskule

Prosjektleiar John André Vegge hadde med seg mange spadar då han inviterte til første spadetak for ny ungdomsskule på Bildøyna på onsdag. - Mange ser fram til august 2028 når skulen skal takast i bruk, sa ordfører Tom Georg Indrevik før han fann fram spaden sin.



Fest for ny sansehage



I eit nydeleg vårvér fekk bebruarane og dei tilsette vera med på fest 28. mai for å markera opninga av ny sansehage på Tednebakkan omsorgssenter. - Eg skal invitera kona på tur i hagen, seier bebruar Ole Vatn. Det er no lagt til rette for at det er lett å koma seg ut i hagen på omsorgssenteret.

Danielsen festa for 25 år i Øygarden

Det var stor stemning då 450 elevar og lærarar framførte Danielsen-dansen og markerte at barne- og ungdomsskule er 25 år. - Skulen dykkar gjev dykk ikkje berre fagkunnskap. Han gjev også perspektiv, verdiar og fellesskap, sa ordfører Tom Georg Indrevik då han talte til elevane.



Foldnes kyrkje fekk tilgjengeprisen

- Eg vart heilt sett ut då ordføreren kom og overrekte denne prisen. Det seier Ellen Ebbesvik etter at Foldnes sokn fekk tildelt tilgjengeprisen i forkant av Livets lys-gudstenesta 29. mai. Med prisen følgjer diplom, måleri, blomar og fem tusen kroner.

Juni



Åshild Eriksen fekk prisen Årets barnekordirigent

Kulturskulelærer og kulturskulekordirigent Åshild Eriksen vart tildelt prisen på Bergen barnekorfestival i Grieghallen. Prisen går ein dirigent som har gjort eit særskilt framstående arbeid med barn og unge.

Folkehav på Ågotnes

I strålende sommarvær møtte tusenvis av deltakarar til opninga av Stafett for livet på Ågotnes 6. juni. - Eg håpar at de fighterar kjenner på ein varme frå alle som er her, sa ordførar Tom Georg Indrevik. 4 137 personar vart registrerte som deltakarar.



Ny godshamn på Ågotnes kan stå klar til bruk i 2028



Bergen og Øygarden kommunar er samde om innhaldet i avtalane som skal sikra etableringa av ei moderne og konkurransedyktig regional godshamn på Ågotnes. - Desse avtalane og dette samarbeidet vil bidra til at vi kan få utvikla ei framtidretta godshamn for heile regionen samstundes som Bergen kommune får høve til å gjennomføra byutvikling sentralt i byen, sa ordførar Tom Georg Indrevik då avtalane vart presenterte.

Følgjer opp avgjerd i KOFA-sak

Klagenemnda for offentlege anskaffingar, KOFA, konkluderte med at Øygarden kommune har brote regelverket ved å ikkje avvisa tilbodet frå ein leverandør i konkurransen om å byggja ny ungdomsskule på Bildøyna. Kommunedirektør Johnny Breivik sa at kommunen tar avgjerda på alvor.

Ny hovudbru skal ha namnet Sotrabraua

Statens vegvesen har avgjort at den nye brua mellom fastlandet og Øygarden skal få namnet Sotrabraua. Vegkontoret har dermed avvist oppmodinga frå Øygarden kommune om å endra namnet frå Sotrabraua til Øygardsbrua.

Etablerer storkjøken i ny sjukeheim



Kommunestyret vedtok på det siste møtet før ferien (18. juni) at det skal etablerast storkjøken i ny sjukeheim på Straume. I fellesforslaget heiter det også at kommunestyret held fast på noverande ordning med desentraliserte kjøken. Kommunedirektøren skal koma tilbake til kommunestyret med ei eiga sak om framtidig og samla kjøkenstruktur.

30 år med verdiskaping, arbeidsplassar og framtidstru

Den 19. juni vart det markert at det er 30 år sidan Kong Harald offisielt opna Kollsnes gassanlegg i Øygarden. Dagen vart markert for gjester og tilsette på Equinor Øygarden.

- Det er lagt sjel ned i dette arbeidet

Den 24. juni klipte ordførar Tom Georg Indrevik snora for å markera at sherpatrappa og stien mellom Grønamyrvegen og Varden på Straumsfjellet var offisielt opna. Turvegen er ei delstrekning på Straumsallmenningen.

